

# INNSPILL TIL TRAFIKKSIKRINGSTILTAK

Vindafjord kommune  
V/ Liv Ellen Ebne  
Servicetorget  
Vindafjord kommune

Vikebygd 30.09.2012

Vikebygd Grendautval  
V/Aud Jorunn Tordal  
Lio 1  
5568 Vikebygd

## INNSPILL TIL SAKA

Vikebygd Grendautval har følgjande innspill i saka.

### **Gong og sykkelveg Butikken og Vossaplass**

Vikebygd Grendautval ber om at ein ser på om det er mogleg og få til ei løysing angåande gong og sykkelveg mellom butikken og Vossaplass.

Grendautvalet jobbar for og komme fram til ei løysing med grunneigerane.

Det er viktig for trafikksikringa av dei mjuke trafikantane vert i varetatt, og at denne fortsatt blir med på trafikksikringsplanen viare.

### **Veg V/Vossaplass og veg v/Kyrja**

Ein ber om at ein ser på vegløyseringa mellom Vossaplass og veg ned v/kykja.

Er her mogleg og få til ei betre vegløysering.

### **Fartshumper**

Ber om moglegheit for og få laga 2 stk fartshumper , i retning frå Skjold, 1 ved bru før Vikebygd landhandel og 1 ved Vikebygd bedehus.

Pga mange kjører med høg fart på denne lange veg strekkninga.

Ein håpar at ein med eit slik tiltak får ned farten i området og på denne måten får ein meir trafikksikker vegstrekning.

Her er fleire veger som har utkjørsel her og ein har mange mjuke traffikantar som ferdast i området.

### **Gatelys på gong veg frå skulen og ned til brannstasjon**

Ber om mogleghet for og få gatelys i gongvegen oppe ved skulen og ned til brannstasjon. Denne vegstrekninga er i dag mørk. Arbeidet er påbegynt, er det mogleg og få dette ferdig stilla. Dette er ein veg som skule borna ferdast på til og frå skulen og no om hausten og vinteren er det mørkt, her finnest ikkje noko lys i det heile take.

## **Vegkryss ned til Årvik**

Ber om at ein ser på moglegheten for og skyta vekk ein knaus ved nedkjørsla til Årvik. Dette for og få betre oversikta i forbindelse med nedkjørsla hit. Her er dårleg oversikt og dette hadde hjulpet på sikta og bedra trafikksikkerheten på denne vegstrekninga.

## **Fortsettelse av gong og sykkelveg Alnavegen og til Kvame**

Ber ein om og sjå på mogleghet for også og få forlenga sykkel og gongsti også på denne strekninga. Her er mange mjuke trafikkantar som ferdast i området.

Mvh  
Vikebygd Grendautval  
V/ Aud Jorunn Tordal